

**Det vert ny salmekveld i Uskedal kyrkje søndag 27. mars.
Vi vil då samla oss om den danske salmeskalden,
N.F.S Grundtvig (1783 - 1872)**

Sussi Bodin (frå Jylland og København) vert med.
Ho syng Grundtvigsalmar og fortel om livet hans og
om kor viktig han var for dansk og nordisk åndsliv.

Grundtvig har ein stor plass i salmebøkene våre.
Både Blix, Hovden, Støylen og Skard omsette salmane hans til norsk.
I den salmeboka vi nyttar i dag, Norsk salmebok,
finn vi heile 36 salmar skrivne av Grundtvig i tillegg til 6 omdikta salmar.

Den mest brukte salmen av Grundtvig er truleg
Påskemorgen slukker sorgen.

Grundtvig var teolog, historikar, forfattar og ein stor ideberar.
Like kjend er han fordi han vert rekna som far til folkehøgskulen.
Dei folkelege tankane hans gav grobotn for sterke
nasjonale reisingar og folkehøgskulen fekk
eit stort omfang i dei nordiske landa.

Organist Reidar Algerøy vert med på salmekvelden
og det vert som før, høve til å sei frå om kva salme
ein vil vi skal syngja i kyrkja denne kvelden.
Dette gjeld uansett salmediktar.
I pausen vert det kyrkjekaffi.

Av Kristian Olav Bringedal